



Bykle gamle kyrkje

400-års jubileet vart markera med gudsteneste i 2022. Anne Margrete Bjåen skreiv ein prolog til jubileumsmarkeringa. Kunstnaren Ella Uleberg laga eit måleri med utdrag av prologen. Dette vart hengt opp i Bykle nye kyrkje onsdag 27. november i år.

Frå prologen Anne Margrete Bjåen skreiv til jubileet:

Med hovudet heva
og hjartet fullt av takksemd
høyrer me klokkene ringe
frå klokketårnet:

Pro nobis quis contra:

«Er Gud med oss,
kven er då mot oss.»
Det gjev framtid og håp.
For nye 400 år.

Gudstenester

Jolaftan 24. des kl. 13.30
Hovden grendehus
Jolaftan 24. des kl. 15.00
Bykle kyrkje
Jolaftan 24. des kl. 16.30
Valle kyrkje
Joledagen 25. des kl. 12.00
Hylestad kyrkje
19. jan kl 11 i Valle kyrkje
19. jan kl. 17 i Fjellgardane kyrkje

Jolëtrefest

Laur 28. des kl 17.00
Broderheimen på Flateland
Sundag 5. jan kl. 15.00
Kyrkjestoga i Valle
Fredag 10. jan kl. 17
Kyrkjekjeddaren i Bykle



konFACTION 2024

Leiren i Bø sommarland med KRIK—Kristen Idrettskontakt er ein del av konfirmantopplegget vårt her i Bykle og Valle. Det er eit høgdepunkt i konfirmantida og ein fin arena å bli kjent på.

Me dekker reise og deltakaravgift på konfirmantleiren for våre ungdommar. KRIK har eit allsidig tilbod for ungdommar. Ikkje alle har høve til å sende ungdommane på KRIK-leir.

KRIK sitt leirfond er nå tomt.

Vil du gje ei gåve til dette fondet kan du betale inn på
VIPPS # 115144 eller til Kontonr. 3000.17.12256



Redaksjon

Vegleiarer er gjeven ut av Valle og Hylestad sokneråd, og Bykle sokneråd.

Redaktør: Toralv Frøysaa Lie
som i dette nummeret har rådført seg med Sissa Ringstad, Olav Mosdøl og Bjørgulv T Berg.

Send gjerne ris / ros og innspel til stoff på e-post
post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Bykle, Valle og Hylestad



Jolenummer - 2024

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Sidan eg kom her i 2022 har fleire etterlyst Vegleiarer — kyrkjelydsbladet for Bykle, Valle og Hylestad. I denne enkle utgåva av bladet får ein ikkje plass til alt ein kunne ynskje. Noko av stoffet me har samla kjem i ei seinare utgåve. Blir bladet godt teke imot vil me prøve å kome ut med fleire nummer neste år. Kjerneinnhaldet i Vegleiarer er å dele Guds ord til tru, håp og utfordring til teneste i kjærleik. «Ætt skal fylje ætterad» vil ha ein naturleg plass. Glimt frå kyrkjelivet no og frå tidlegare tider er fint å ha med. Og elles intervju med bygdefolk som kan gje eit vidare perspektiv på trua og livet.

Frelsaren har mange namn. Gud med oss - Immanuel - er eitt av dei.

Med ynskje om ei velsigna og fredfull jolehøgtid, og eit godt nytt år.

Toralv Frøysaa Lie Sokneprest i Valle og Bykle

*Difor skal Herren sjølv gje dykk eit teikn:
Sjå, den unge jenta skal bli med barn og føda ein son,
og ho skal gje han namnet Immanuel. Jesaja 7,14*

God jol!



Ætt skal fylgje ætterad

Døyppte i 2024

Bykle sokn

10.02 Ellie Nødtvedt-Lindgren i Fjellgardane
7.04 Johannes Heyerdahl Amundsen i Fjellgardane
21.04 Mikkel Eriksen Trydal i Bykle
8.06 Ronja Elisabeth Riis Andersson i Fjellgardane
25.08 Celine Trydal Brooks i Bykle gml
22.09 Even Torsteinson Homme i Bykle
2.11 Albertine Steenhoek Rennan

Valle og Hylestad sokn

25.02 Amalie Åkre Skogen i Valle
10.03 Jonas Hovden Holte i Hylestad
21.04 Eivind Aarli Uppstad i Hylestad
05.05 Ingebjørg Bratteland Bø i Valle
05.05 Sara Davina Skjellanger i Valle
19.05 Tora Homme Aamlid i Valle
26.05 Bjørnar Michaelsen Aarsland i Valle
6.10 Tarjei Solbakk Steig i Hylestad



Frå Vegleiaren i 1939

Åsulv Austad var sokneprest i Valle prestegjeld frå 1932—1948. Han var første redaktør i kyrkjelydsbladet som først hadde namnet Vegen. I 4. utgåve skriv han:

«Bladet vårt har alt fått nytt namn: VEGLEIAREN. Postverket hadde nett godtatt eit anna kyrkjeblad, Veien, i Harstad og kunne såleis ikkje godta vårt, då likskapen blei for stor dermed. Det var leidt, men me vil vona at det nye namn må få like stor og kjær plass hjå oss som det me misste. Dei er forresten som sysken, idet same tanken ligg til grunn for dei båe: At bladet måtte tena Han som vil at alle skal koma inn på vegen til Himmelen og gå han i Jesu fotefar.

Frå Vegleiaren i 1959

Jens Bjelland var sokneprest i Valle prestegjeld frå 1957—1967.

Avlidne i 2024

Bykle sokn

Astrid Tveiten f. 1944 d. 26.06
Dreng Jostein Bakken f. 1966 d. 28.06
Knut Hagen Nesland f. 1924 d. 1.09
Kjetil Lidtveit f. 1946 d. 7.10
Arvid Reidar Monsen, f. 1940 d. 8.12

Valle og Hylestad sokn

Jorunn Å Haugeland f.1926 d. 2.01
Ingrid Marie Brottveit f. 1946 d. 12.01
Hallvard T Aamli f. 1932 d. 31.01
Einar Homme f. 1966 d. 21.02
Arne T Bjørgum f. 1948 d. 26.02
Jon Egil Ødeskaug f.1946 d. 6.03
Svein K Røysland f. 1938 d. 14.03
Bjørgulv O Straume f. 1938 d. 6.04
Ingebjørg Sagneskar Austenå f. 1942 d. 19.05
Gunnar Stubseid f. 1948 d. 20.06
Alf Georg Hovet f. 1960 d. 9.03
Arne Kjelleberg f. 1937 d. 12.06.2024
Knut Austad (USA) f. 1934 d. 11.11
Vidar Helle f. 1979 d. 14.11
Åse Marie Haugen f. 1940 d. 7.12

Konfirmantar i 2024

Bykle kyrkje laurdag 1. juni

Thor Martin Askedal
Andrea Aasen-Bakken

Hylestad kyrkje søndag 2. juni

Sofia Naima Berg
Bjørgulv Bjørgum Forde
Marion Føreland
Lukas Helle
Sondre Nomeland
Eivind Trydal-Rysstad

Fjellgardane kyrkje laurdag 8. juni

Rauls Karlis Bersons
Aaron Bibow Irgens
Sara Tjomsaas Dybesland
Jonas Trollsås Egeland
Sigurd Tho Haugen
Grunde Lillemo Mundal
Tora Magdele Østvold Haugsgjerd

Valle kyrkje søndag 9. juni

Thomas Flateland
Tarald Bakke Harstad
Håvard Mosdøl
Hauk Rysstad
Sara Davina Skjellanger
Johan Petrus Tjomsland
Daniella Eikholm Tveiten



Juletonar
i snøskire kveld
skjelv i frost
under still-klåre kvelv.
Tonar om fred
til fredlause verd!
Tonar om gleda
på gledelaus ferd!
Det kjem i frå himmlen,
det lever på jord:
Kristus enn bur
i Guds evige ord.

Julestjerner
blenkjer i natt.
Ljoset frå ovan
Vart tendra so bratt.
Ljoset og livet
til mørke og død!
Til hungrande sjeler
kjem levande brød!
Det kom frå Gud Fader,
det er mellom oss:
Me lovsyng hans krubba,
me tilbed hans kross.

Barneauga
ved ljøs-kledde tre
anar og undrast
og englar seg gled.
Tida og æva
flyt saman i stova
der jublande songen
all himmlane lova.
Det kom frå Guds hjarta
me eig det idag,
og lovsyng hans frelsa
i samlynde lag.

J. P.

Den store håpsforteljinga

«Det hende i dei dagar,» slik byrjar juleevangeliet. Noko stort hende i vår historie som fekk konsekvensar for heile verda. Då Jesus vart fødd, vart Gud eit menneske. Forteljinga om Josef, Maria og det vesle Jesusbarnet er noko av det vakraste som nokon gong er blitt skriva. Jula viser at vi betyr noko for Gud. Vi er ikkje gløymde, men elska av Gud.

Dei gamle grekarane snakka om krafta bakfrå. Med det meinte dei at dei gode hendingane i fortida gir oss kraft til å leve i dag. Vissheita om ikkje å vere gløymd, men elska av vår skapar, har borte menneske i både gode og tunge tider. Underet på Betlehemsmarkene har gitt kraft til menneske i 2000 år.

Men grekarane snakka ikkje berre om krafta bakfrå, men også om krafta framifrå. Med framifrå tenkte dei på kva som ein gong skal skje. Kva vi trur om framtida påverkar livet vårt her og no.

Juleevangeliet handlar ikkje berre om kva som ein gong hende i vår historie. Det inngår i den store forteljinga om kva som ein gong skal skje med oss og vår verd. «I dag er det fødd dykk ein Frelsar, han er Den salva, Herren», song englane. Mot slutten av sitt liv på jorda hende det noko dramatisk i Jesu liv. Ikkje berre vart Gud menneske, han gav også sitt liv på ein kross. Lovsongen og gleda frå Betlehemsmarkene vart bytt med klage, sorg og død. Det er for å gi mitt liv for dykk, eg er komen, sa Jesus.

Men heller ikkje Jesu død er siste ordet i kva som skal skje med oss og denne verda. Jesu oppstode frå dei døde endra vår framtid. Disippelen Peter skriv til venene sine for å oppmuntre dei: «Velsigna er Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde. (1. Pet 1,3)»

Desse orda blir lesne ved kvar dåp i kyrkja og når vi tek farvel med eit kjært menneske. Han som vart fødd som eit lite forsvarsløst barn, viste seg å vere sterkare enn dødens og mørkets makt. Gud skal ein gong skape ei ny verd der det er slutt på all vondskap og liding. Vi vedkjenner at vi trur på «lekamens oppstode og det evige liv». Det er ikkje døden og mørkeret som sigrar til sist.

Vi lever i mørkare tider enn på lang tid. Svein Ellingsen skildrar oppstoda som «lyset frå Guds framtid». Med lyset frå Betlehemsmarka og lyset frå Guds framtid får vi hjelp til å leve her og no. Også når livet er krevjande. For det er berre med krafta bakfrå og framifrå at livet kan levast i notida.

Velsigna advents- og juletid!

Stein Reinertsen Biskop i Agder og Telemark



Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt

Stefanusbarna er misjonsprosjektet til Bykle, Valle og Hylestad sokn. Det er Stefanusalliansen og Mama Maggie sitt arbeid for borna som bur og lever på søppelhaugane i Kairo.

Stefanusbarna sitt arbeid omfattar også utbreidd leirverksemd for barn og unge; fleire skuler; helseoppfølging av borna og familiane deira; utdeling av mat og klede. Kimen i det mangfoldige arbeidet er kjærleiken til det ein-skilde barnet. Kvar dag får barna høyre at dei er verdfulle og elska, og Stefanusbarna sitt motto er: «I can – eg kan!»

Sokneråda i Bykle, Valle og Hylestad har i fleire år hatt ein avtale om å støtte dette arbeidet. Avtaleperioden er utvida til å gjelde til og med 2027.

Vil du støtte arbeidet?

Bykle- og Fjellgardane kyrkje
VIPPS #503335

Eller til kontonr. 2890 13 39343

Valle og Hylestad kyrkje
VIPPS #128659

Eller til kontonr. 2890 20 83490

Merk gjerne: Til Stefanusbarna



stefanus
alliansen

